

BUNADOPPLÆRINGA

For deg som vil lære
meir om bunadsaum



Påmelding på
kulturogtradisjon.no



KVA?

Ei kursrekke med seks modular som gjev ei brei innføring i praktisk bunadssaum og tilbehør, aukar den historiske kunnskapen om folkedraktene som bakgrunn for dagens bunadar og gjev kjennskap til materialar og teknikkar brukt til bunadproduksjon.

ARBEIDSFORM

Arbeidsforma varierer mellom praktisk arbeid, individuelt arbeid, plenumsdiskusjonar, korte økter med teoriundervisning, individuell rettleiing og undervisning i grupper.



FOR KVEN?

Kursrekkja rettar seg mot dei som ønskjer å ta sveinebrev som bunadtilverkar, som vil bli kurslærarar i faget og for dei som vil lære meir om faget. Ho bygger på kompetansemåla i læreplanen for bunadfaget vg3 opplæring i bedrift. Det er mogleg å ta heile kursrekka, eller berre enkeltmodular. Modulane er lagt opp etter vanskegrad, med tilrådd rekkjefølge.

KVAR OG MED KVEN?

Modulane har ulike kurslærarar og vekslar mellom Raulandsakademiet i Rauland og Norsk Institutt for Bunad og Folkedrakt på Fagernes. Heile løpet går over tre år, med to modular i året på fem dagar kvar. Det er og eit alternativ med intensivt løp over kortare tid.

Har du spørsmål?

linda@kulturogtradisjon.no | tlf 61 21 77 50

